



Osterøy kommune

Politisk-adm.sekretariat

GEBYRREGULATIV TEKNISKE TENESTER

OSTERØY KOMMUNE 2024

- **Vatn og avlaup**
- **Feiing**
- **Slam**
- **Renovasjon**

Post
post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret

Kontakt
www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00

Konto
Org.nr. 864.338.712

Gebyrregulativ vatn og avlaup 2024

Rammer for utrekning av gebyra:

- Gebyra skal ikkje overstiga kommunen sine kostnader, men kan avreknast over ein 4 års periode.
- Forventa kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for dei næraste 4 åra går fram av hovudplanar/økonomiplan som kommunestyret har vedteke.
- Utrekninga av gebyra er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974, Forskrift om kommunale vann- og avløpsgebyr av 13. juli 2000.
- I tillegg til alle prisane kjem meirverdiavgift.

1. Eingongsgebyr for tilknytning

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentlig vass- og/eller avlaupsnett slik.

	Vatn	Avlaup
Eingongsgebyr for tilknytning	Kr. 13.000,- pr abonnent	Kr.13.000,- pr. Abonnent

2. Årsgebyr

2.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyr skal dekkja følgjande del av kommunen sine samla årskostnader for vass- og avlaupstenestene. Dette reflekterer kommunen sine faste kostnader for tenestene:

- Vatn: Ca. 50 %
 - Avlaup: Ca. 50 %.
- Abonnementsgebyret er differensiert etter brukarkategori:
- Abonnementsgebyr for næring vert betalt av næringseigedomar, offentlig verksemd og burettslag.
 - Abonnementsgebyr for bustad skal betalast av andre abonnentar.
Alle abonnenter i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr.

Abonnementsgebyr	Vatn	Avlaup
• Næringseigedomar	Kr 6.553,- pr. Abonnent	Kr. 4.344,- pr. Abonnent
• Bustadeigedomar	Kr 4.439,- pr. Abonnent	Kr. 2.512,- pr. Abonnent

2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk med utgangspunkt i nedanforståande m³ –pris.

Vatn:	Avlaup :
Kr. 18,52 pr. m ³	Kr. 12,36 pr. m ³

Målt forbruk

Forbruksgebyret vert rekna ut frå målt vassforbruk. Avlaupsmengde vert rekna lik målt vassmengde.

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret vert rekna ut frå stipulert forbruk og pris pr. m³.

Bustad

Stipulert forbruk [m³] pr. år for heilårsbustad vert rekna slik:

Bruksareal BRA [m²] x spesifikt forbruk [m³/m²]

Spesifikt forbruk er fastsatt til 1,2 m³/m²

Fritidshus

Stipulert forbruk pr år for fritidshus vert rekna slik:

Bruksareal BRA [m²] x spesifikt forbruk [m³/m²] x forventa brukstid.

Spesifikt forbruk er fastsatt til 1,2 m³/m²

Forventa brukstid for utleigehytter er fastsett til 60 % (av året) og for andre fritidshus/hytter 20% av året.

3. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålaren for bustader og fritidsbustader. Desse abonnentane skal dekke alle kostnader knytt til installasjon og vedlikehald av vassmålaren. Det skal betalast ei årleg leige med **kr. 228,-**. Målarleige forfell til betaling på 2. termin.

Næringsabonntar tek sjølv kostnaden med installasjon og vedlikehald av vassmålar. Abonnten er pliktig til å syta for at målaren fungerer og registrerer rett forbruk.

Dersom det oppstår feil og målaren ikkje vert reparert straks, kan kommunen fastsetje stipulert forbruk i den perioden vassmålaren ikkje har vore i drift.

4. Mellombels bruk av vann og avløp

Eigar/fester av eigedom som vert mellombels knytta til kommunen sitt vass- og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande regler for næringsverksemd, sjå pkt. 2.1 og 2.2.

OSTERØY KOMMUNE

GEBYR FOR GJENNOMFØRING AV LOVBESTEMT FEIING OG TILSYN MED FYRINGSANLEGG I BYGGVERK 2024

Byggverk(bygning) med 1 skorstein	kr. 668,-
Tillegg for kvar skorstein for byggverk(bygning) med meir enn 1 skorstein	kr. 343,-
Ikkje lovbestemt feiing og anna skal betalast etter medgått tid, avgrensa til 0,5 time. <i>I tillegg til satsane kjem meirverdiavgift.</i>	kr. 434,- pr. time.

Gebyrfritak

Forutsetningen for gebyrfritak er at eldstaden ikkje er i bruk. Feiarvesenet kan føre tilsyn med at fyringsanlegget ikkje er i bruk.

Tilfredsstillande sikring mot bruk vil normalt vere ein fysisk fråkopling av den varmeproduserande eininga (eldstaden) og skorsteinen. Dette kan skje ved å fjerne røykrørstilkoplinga og mure igjen holet i skorsteinen. Alternativt kan man merke eldstaden på ein tilfredsstillande måte, t.d. ved plombe eller segl.

Når tilfredsstillande sikring er gjennomført skal gebyr ikkje ileggjast. Det er eigar eller bruker av fyringsanlegget som har ansvaret for å underrette feiarvesenet om:

- at fyringsanlegget ikkje er i bruk
- at det ønskes fritak for feiing
- å tilpasse fyringsanlegget sånn at det ikkje kan nyttast for oppvarming.
- Vilkåra er dei same anten byggverket (bygninga) er i bruk eller ikkje.
- Når særlege grunnar tilseier det kan regulativet fråvikast av heradstyret.

Ref.

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet : Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester H-3/14, kapittel 2).

DSB: Forskrift om brannforebygging

OSTERØY KOMMUNE

GEBYR FOR TØMMING AV SLAMAVSKILJARAR 2024

Årleg avgift husstand	kr. 1.473,-
Årleg avgift hytte/fritidshus	kr. 738,-
Tømming av fellestankar vert årleg avgift for kvart tilknytt bustadhus	kr. 1.473,-
Tømming av fellestankar vert årleg avgift for kvart tilknytt hytte/fritidshus	kr. 738,-
For andre større slamavskiljarar som kan vera aktuelle å tømme vert avgifta sett til sum pr. m ³	kr. 860,- pr. m ³

Abonnten (huseigaren) sine plikter:

Abonnten skal syte for at anlegg som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømming med bil.

Overdekking av kumlukk med snø, is, jord eller liknande skal fjernast av abonnten før tømming skjer.

Vedkomande som tømmer har rett til å plassera naudsynt utstyr på eigedomane for å få utført tømminga.

Abonntar som ikkje har klargjort anlegget for tømming må betale tilleggsavgift pr. anlegg **kr. 730,-**.

Når særlege grunnar tilseier det kan regulativet fråvikast av heradsstyret.

I tillegg til satsane kjem meirverdiavgift.

OSTERØY KOMMUNE – RENOVASJON 2024

Sjå eige vedlegg med gebyrmatrise 2024